

---

Saksnr: 2020/41180-21  
Saksbehandlar Arlen Synnøve Bidne  
Dato: 15.12.2020

---

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Nærøyfjorden Verdsarvpark - stilling som kulturvernforvaltar - oppfølging av PS 55/2020

I PS 55/2020 gjorde hovudutvalet vedtak om tildeling av tilskot til delfinansiering av stilling som kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark. I vedtaket vart fylgjande punkt 3 lagt til:

«Det er behov for varige midlar til stillinga. Utvalet ber administrasjonen ta kontakt med kommunane som inngår i stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark (Aurland, Vik, Voss og Lærdal) om ei fordeling av kostnaden på kr. 500 000 saman med Vestland fylkeskommune til stillinga som kulturvernforvaltar i 2021 og vidare. Dette må sjåast i samanheng med driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2022-2025.»

Administrasjonen gjennomførte eit drøftingsmøte med Aurland, Vik og Lærdal kommune den 15. september 2020. Voss kommune var invitert til møtet men deltok ikkje. Kommunane vart bedt om å gje ei skriftleg tilbakemelding etter møtet vedrørande moglegheit til medfinansiering av stillinga. I etterkant av møtet har Vestland fylkeskommune fått tilbakemelding frå Aurland, Vik og Lærdal kommunar. Tilbakemeldinga frå kommunane er at dei finn det vanskeleg å gå inn med meir tilskot til Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Vedlagt er kopi av referat frå møtet samt tilbakemeldingar frå Aurland, Vik og Lærdal kommune.

### Vedlegg

- 1 Referat frå møte vedrørande kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark
- 2 Tilbakemelding - kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden verdsarvpark
- 3 Svar på spørsmål om kulturvernforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark
- 4 Tilbakemelding - kulturvernforvaltar - Nærøyfjorden Verdsarvpark